



Fylkesmannen i  
Hordaland

## Opplæring innanfor kriminalomsorga 2011



Fylkesmannen i Hordaland

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

ISSN: 1501-7056

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Trykk og layout: Borge Grafisk AS

FYLKESMANNEN I HORDALAND

RAPPORT  
OPPLÆRING INNANFOR  
KRIMINALOMSORGA

2011



## Føreord

Fylkesmannen i Hordaland utarbeider kvart år ein samla nasjonal rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2011 inneheld ei oppsummering av tilbakemeldingane frå skolane om dei ulike sidene ved opplæringa som opplæringstilbod, elevtal, forvaltningssamarbeid og oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005). Han inneheld og eit oversyn over delar av aktiviteten på dette området hos Fylkesmannen i Hordaland. Rapporteringa er eit ledd i ei systematisk resultatoppfølging av dette området innanfor utdanningssektoren.

Rapporten byggjer mellom anna på eit nettbasert rapporteringssystem som er utfyllt av skolane.

Det er etablert opplæring ved 51 anstaltar. Det er opplæring ved alle fengsel som skal ha skole. Det har dei siste åra vore ei kraftig auke på tal innsette som tar del i opplæring. I 2011 var det gjennomsnittlege elevtalet 1942, 663 på heiltid og 1279 på deltid. I 2010 var dei tilsvarande tala 2532, 843 på heiltid og 1689 på deltid. Det er vanskeleg å forklara denne endringa frå 2010 til 2011. Det vi kan sjå er at med noko færre elevar blir det avlagt nokre fleire sluttvurderingar som eksamenar og fagprøvar.

Dei siste åra har det vore fokusert på å få meir yrkesopplæring. Vi ser at det innanfor vidaregåande skole også i 2011 framleis er ei dreing frå teori mot meir yrkesretta opplæring. Over halvparten av elevane tek del i yrkesretta opplæring. Det er positivt at fleire skolar legg til rette for korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse i arbeidslivet.

Det blei gjennomført færre realkompetansevurderingar i 2011 samanlikna med året før. Ein stor del av realkompetansevurderingane blir gjennomført på få skolar. Mange skolar gjennomfører ikkje realkompetansevurderingar.

Samarbeidet mellom skolane og arbeidsdrifta i fengsla må bli betre, slik at det blir lagt til rette for at fleire kan ta gode yrkesrelaterte opplæringsløp. Dette samarbeidet kan resultere i alt frå korte kompetansegevande kurs til fagprøve.

Rapporten viser og at mange skolar ikkje har gode nok undervisningslokale og heller ikkje kan vise til konkrete planar for utbetring. Når kriminalomsorga ikkje stiller eigna lokale til disposisjon, går dette utover ressursutnyttinga i opplæringa.

Dei innsette har rett til opplæring innan IKT på lik linje med andre elevar. Digital kompetanse er ein av dei grunnleggjande dugleikane som er heimla i Opplæringslova. Den nasjonale løysinga IFI - internett for innsette – skal sikre denne retten, og det er vedteke ein utrullingsplan som skal sikre at alle skolane/fengsla får ta i bruk denne løysinga. Det er framleis 12 skolar som ikkje har fått IFI løysinga.

Fylkesmannen i Hordaland vonar denne rapporten vil verka som eit viktig innspel i drøftingane omkring opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet med rapporten er gjort av seniorrådgjevarane Paal Chr. Breivik og Gøril Vikøren Nøkleby og rådgjevar Siren Økland Vardøy, Fylkesmannen i Hordaland.

Bergen, august 2011

  
Kjellbjørg Lunde  
Utdanningsdirektør

## Innhald

1.1	Innleiing .....	9
1.2	Om rapporteringa .....	9
1.2.1	Metodiske utfordringar i rapporteringa .....	10
1.3	Resultatmål for 2011 .....	10
2	Om fengsla og fangebefolkninga .....	12
2.1	Endringar innan kriminalomsorga .....	12
2.2	Tal på innsette gjennom året .....	12
3	Om skolen .....	12
4	Om elevane .....	13
5	Om elevane i skolen i fengslet .....	15
5.1	Grunnskule .....	16
5.1.1	Eksamenar .....	16
5.2	Vidaregåande opplæring .....	16
5.2.1	Eksamenar og kompetansebevis .....	17
5.2.2	Lærekontraktar, lære kandidat, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar .....	18
5.2.3	Realkompetansevurderingar .....	18
5.3	Arbeidskvalifiserande kurs .....	20
5.4	Andre kurs .....	20
5.5	Høgskole/ universitet .....	20
6	Om elevane i oppfølgingsklassene .....	21
6.1	Grunnskule .....	23
6.2	Vidaregåande opplæring .....	23
6.2.1	Utdanningsprogram i vidaregåande opplæring .....	24
6.2.2	Eksamen, standpunktkarakter og kompetansebevis i vidaregåande opplæring .....	25
6.2.3	Lærekontrakt, fagprøve/sveinebrev, praksiskandidat eller lære kandidat .....	26
6.2.4	Realkompetansevurderingar .....	26
6.3	Høgskule og universitet .....	26
6.4	Arbeidskvalifiserande kurs .....	26
6.5	Andre kurs .....	26
6.6	Nettstøtta læring .....	27
6.7	Rekruttering til oppfølgingsklassane .....	27
6.8	Oversikt over elevar i oppfølgingsklassane fordelt på straffetype .....	27
7	Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND-sentral) .....	28
7.1	Utdanningsbakgrunn til dei dømde .....	28
7.2	Opplæring i ND-sentra .....	28
8	TAFU-tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning .....	29
8.1	TAFU Rogaland .....	30
8.2	TAFU Tromsø .....	30
8.3	Utfordringar for TAFU i eit opplæringsperspektiv .....	31
9	Andre forhold ved opplæringa .....	31
9.1	Forvaltningssamarbeid .....	31
9.1.1	Skolen sitt samarbeid med arbeidsdrifta .....	32
9.1.2	Skolane sin bruk av IKT .....	33
10	Om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga .....	39
10.1	Retten til opplæring .....	39
10.1.1	Tilskuddsordninga .....	40
10.1.2	Forskningsbasert kunnskap .....	40
10.1.3	Internasjonalt arbeid .....	41
10.2	Hovudutfordringar for området .....	41
10.2.1	Retten til opplæring .....	41
10.2.2	Digital kompetanse .....	42
10.2.3	Fleksible opplæringsløp .....	43
10.2.4	Overgang frå fengsel til fridom .....	43
10.2.5	Oppsummering .....	44
11	Vedlegg .....	45

# Oversyn over tabellar og figurar

## Tabellar:

Tabell 1	Registrerte elevar gjennom året i fengsel frå 2003 til 2011 fordelt etter type opplæring. ....	14
Tabell 2	Registrerte elevar gjennom året i oppfølgingsklassar frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring. ....	15
Tabell 3	Gjennomsnittstal gjennom året for elevar, heiltid og deltid, fordelt på utdanningsprogram i vgs...	17
Tabell 4	Oversikt over dei fem skuleavdelingane med flest realkompetansevurderingar i kriminalomsorga i 2011 .....	19
Tabell 5	Tabellen gjev ei oversikt over dei fengselsavdelingane som hadde størst prosentvis del realkompetansevurderingar i høve til registrerte elevar. ....	19
Tabell 6	Oversikt over fordeling av elevar på dei ulike utdanningsprogramma. ....	24
Tabell 7	Elevar i oppfølgingsklassene fordelt på "status" i forhold til straffegjennomføringslova.....	27
Tabell 8	Tal skolar som har IKT integrert i undervisninga.....	33
Tabell 9	Skolane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring.....	35

## Figurar:

Figur 1	Tal elevarplassar 1996 – 2011 (tal). ....	13
Figur 2	Tal elevplassar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar (tal). ....	14
Figur 3	Gjennomsnittlege tal på elevar i skolen i fengsel delt på typar opplæring (tal) .....	15
Figur 4	Gjennomsnitt tal på elevar i fengsel fordelt på type opplæring (tal). ....	16
Figur 5	Elevar i fengsel som har fått standpunktkarakter (ikkje data frå 2010), teke eksamen eller fått kompetansebevis i 2010 og 2011 (tal).....	17
Figur 6	Tal på fagprøve/sveinebrev, praksiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel (tal)....	18
Figur 7:	I 2008 og 2009 talde rapporteringa totaltalet realkompetansevurderingar, det skilde ikkje mellom realkompetansevurderingar gjennomført i kriminalomsorga og oppfølgingsklassane (I rapporteringa for 2011 vart det spurt etter både realkompetansekandidatar og realkompetansevurderingar. I framstillinga er talet for realkompetansevurderingar (101) brukt, talet for realkompetansekandidatar var 144 i 2011 i kriminalomsorga). ....	18
Figur 8.0	Oversikt over talet på registrerte elevar gjennom året i dei ulike oppfølgingsklassane i 2010 og 2011. Dei som har delteke i undervisninga på deltid er telt som 0,5 heiltidselev. Tal for registrerte elevar manglar for oppfølgingsklassa ved Kvadraturen vgs for 2010. ....	21
Figur 9.	Oversikt over dagleg gjennomsnittstal av elevar i dei ulike oppfølgingsklassane i 2011, gjennomsnitt av fire teljedatoar. ....	22
Figur 10	Oversikt over daglege gjennomsnittstal på elevar i vidaregåande opplæring, fordelt på heil- og deltid i perioden 2009-2011.....	23
Figur 11	Oversikt over elevar i oppfølgingsklassane fordelt på yrkesfaglege og studiespesialiserande utdanningsprogram.....	24
Figur 12	Talet på elevar som har teke eksamen(ar) eller fått standpunktkarakterar eller fått kompetansebevis i vidaregåande opplæring. Talet på elevar som har oppnådd standpunktkarakter er berre rapportert på i 2011. ....	25
Figur 13	Oversikt over talet på avlagte fagprøvar, lærekandidatar, praksiskandidatar og inngåtte lærekontraktar i perioden 2009-2011. ....	26
Figur 14	Talet på elevar rekrutterte frå ulike instansar, eit gjennomsnitt av to teljedatoar. ....	27
Figur 15	Tal skolar som har samarbeid med arbeidsdrifta, programverksemda og NAV .....	32
Figur 16	Kven møter når det er eit formalisert samarbeid med arbeidsdrifta?.....	32
Figur 17	Om samarbeidet med arbeidsdrifta er formalisert, kva blir det samarbeida om? .....	32
Figur 18	Oversikt i kor stor grad IFI fungerer til å oppfylle skolen sitt krav til digital kompetanse (prosent). ....	33
Figur 19	Tilbyr skolen opplæring gjennom heile året (prosent)? .....	34
Figur 20	Om lokala ikkje var tilfredsstillande, er det konkrete og tidfesta planar for utbetring? .....	34



## 1.1 Innleiing

Skolane innan opplæring i kriminalomsorga skal rapportere innan utgangen av kvart år til Fylkesmannen i Hordaland. Denne rapporteringa vert oppsummert i denne nasjonale rapporten om opplæringa i kriminalomsorga. Gjennom desse årlege rapportane vil ein kunne sjå utvikling og forandring over tid. Denne kunnskapen gjev ei sikrere plattform for å setje i gang tiltak som kan fornye og på ein betre måte tilpassa opplæringa til dei behova elevane har for opplæring.

Som vedlegg følgjer eit samla oversyn over talmaterialet (oppsummert og for kvar institusjon/skole) for dei som ønskjer å gå grundigare inn i materialet.

## 1.2 Om rapporteringa

For rapporteringa i 2011 var eit elektronisk rapporteringssystem tilgjengeleg for dei ulike skole- og oppfølgingsavdelingane frå slutten av mai 2011 (vedlegg 3 og 4). Ei førebels oversikt over rapporteringsspørsmåla var tilgjengelig frå januar 2011. Det har vore mogleg å rapportere gjennom heile året. Rapporten frå aktivitetane i skolane har fire hovudområde:

- Om skolen
- Om elevane
- Skoleoppsummering for året
- Andre sider ved opplæringsverksemda

Informasjon om fangebefolkninga har vi fått frå KFS (Kriminalomsorgens sentrale forvaltning) og frå dei seks ulike regionane innan kriminalomsorga.

Rapporteringa har på nokre spørsmål om elevane to teljedatoar og på eitt spørsmål fire teljedatoar og ei årsoppsummering. Frå og med 2009 sløyfa vi talet på elevplassar, og gjekk over til å registrere elevtal på heiltid og deltid fire gonger i året. Når elevtalet blir talt fire gonger, er vi sikra eit betre bilete av kapasitetsutnyttinga. Ulike fengselsfaglege disposisjonar og andre tilhøve, kan på ein teljedato føre til svært lågt registrert elevtal og dermed gi inntrykk av dårleg kapasitetsutnytting. På denne måten får vi fram eit gjennomsnittleg elevtal som på ein betre måte dekkjer den samla aktiviteten ved skolane. Denne måten å registrere på sikrar at ikkje berre ein dato blir utslagsgjevande og at data blir meir korrekte og samanliknbare.

Frå og med 2001 har rapporteringa blitt utvida med spørsmål om samarbeidet med fengslet, standard på undervisningslokala, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda som det er ønskeleg å ta opp. Frå og med 2005 er det også lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005).

I 2011 var det 37 skolar som rapporterte på aktiviteten i til saman 61 fengselsavdelingar (vedlegg 3) og 10 oppfølgingsklassar (vedlegg 5).

Den administrative ansvarlege for opplæringa innanfor kriminalomsorga frå kvar vidaregåande skole har rapportert på eige skjema (vedlegg 5).

### 1.2.1 Metodiske utfordringar i rapporteringa

Frå 2009 til 2011 har det skjedd ein overgang til rapportering via eit nettbasert system. For å sjå utviklinga over tid er mange av spørsmålsstillingane tilsvarende tidlegare år, men i det kontinuerlege utviklingsarbeidet av rapporteringssystemet blir nokre spørsmål endra, lagt til eller tekne vekk. Mykje er retta opp frå 2010 registreringa, men vi ser at det framleis er rom for forbedringar. Enkelte spørsmål må forklarast betre for å unngå ulike tolkingar hos rapportørane.

### 1.3 Resultatmål for 2011

I stortingsproposisjon nr. 1 S for 2011-2012 formulerte Kunnskapsdepartementet målsetjinga for og omtale av Opplæring innanfor kriminalomsorga Kap 225 post 68 slik:

*”Målet med tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller lauslatne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller lauslatne som har rett til og ønskjer det. Mange har kort soningstid eller sit i varetekt. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også eit mål at det blir gitt kortare kurs, med ei primær målsetjing om kurs eller delkurs som er knytte til kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar.*

#### **Rapport for 2010**

*Det er no etablert opplæring i alle dei 51 fengsla regjeringa har sagt det skal vere opplæring i. I tillegg er det oppfølgingsklasser ti stader i landet. I 2010 var talet på opplæringsplassar 2 532 (843 på deltid og 1 689 på heiltid), ein auke på 44,6 pst. samanlikna med 2009. Nesten 8 000 personar tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2010.*

*Tal på eksamenar (973) og kompetansebevis (730) var på om lag same nivå som året før (1 170 eksamenar i 2009 mot 1 100 i 2008 og 678 i 2007, og 844 kompetansebevis i 2009 og 829 i 2008). Talet på lærekontraktar som er inngåtte, har hatt ein auke frå året før (53 i 2010 mot 38 i 2009). I tillegg har 747 innsette gjennomført korte arbeidskvalifiserande kurs.*

*Skolane arbeider no i større grad med å leggje til rette for opplæring og rådgiving overfor innsette med korte dommar. Det skjer ved realkompetansevurdering, korte arbeidskvalifiserande kurs, rådgiving og planlegging av utdanning etter avslutta soning. I 2010 vart det gjennomført 238 realkompetansevurderingar, ein auke på 12,3 pst. samanlikna med året før. Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, har hatt ansvaret for eit nasjonalt prosjekt om realkompetansevurdering.*

*For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning er prosjektet Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid (tilsvarende KrAmi i Sverige) etablert i Rogaland og Troms under leiing av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, NAV, kommunane og frivillige organisasjonar. Prosjektet skal avsluttast i 2012.*

#### **Budsjettforslag for 2011**

*Departementet forslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2011.”*

Kunnskapsdepartementet har i embetsoppdraget for 2012 formulert følgjande når det gjeld 32.7 Opplæring innanfor kriminalomsorga:

*”Fylkesmannen skal:*

- *videreføre oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen ”Enda en vår”*
- *videreføre arbeidet med tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning, TAFU-prosjektet (tidligere TUA-prosjektet) i henhold til prosjektplanen*
- *gi relevant informasjon og se til at skoleeiere ivaretar sitt ansvar for innsatte i henhold til opplæringslova*
- *stimulere til samarbeid og nettverk tverrfaglig og tverretatlig mellom skoleeiere, universitet/høgskoler og andre aktuelle organisasjoner og fagmiljøer*
- *samarbeide med justissektoren og delta i koordineringsgruppa for opplæringen*
- *forvalte tilskuddsordning kap. 225 post 68 Tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen jf. resultatområde 31.7 Tilskuddsforvaltning*
- *oppfølging av St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker, herunder tilrettelegging av opplæringstilbud for unge lovbrøyttere.*
- *videretildele midler til Narkotikaprogram med domstolskontroll.*

### **Finansiering**

*Finansieres over Fylkesmannens ordinære driftskapittel (kap. 1510).*

*TAFU-prosjektet skal finansieres med inntil 1 mill. kr innenfor eksisterende budsjetttramme på kap. 225 post 68, jf. Prop. 1 S (2011-2012) Kunnskapsdepartementet .*

*Narkotikaprogram med domstolskontroll finansieres over Kunnskapsdepartementets kap. 226, post 21.*

### **Bakgrunnsinformasjon**

- *St.meld. nr. 27 (2004 – 2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen Enda en vår*
- *Innst. S. nr. 196 (2004 – 2005)*
- *Prop. 1 S (2011-2012) Kunnskapsdepartementet*
- *Rundskriv nr. G-1/2008*
- *Rapport om opplæring innanfor kriminalomsorga 2009*
- *Innsette i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*
- *St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker*

### **Rapportering**

*Årsrapporten fra Fylkesmannen skal inneholde en konkret vurdering av egen måloppnåelse i 2012 på resultatområdet, sett i lys av a) embetets ressurser, b) kompetanse, c) metodikk og strategier og d) andre relevante forhold når det gjelder opplæringa innenfor kriminalomsorgen. Rapporten skal gi direktoratet tilstrekkelig grunnlag for å kunne vurdere hvordan disse forutsetningene påvirket måloppnåelsen til embetet. Årsrapporten skal også inneholde en redegjørelse for eventuelle tiltak som er eller planlegges gjennomført for å bedre måloppnåelsen på resultatområdet.*

*Det skal i tillegg rapporteres særskilt årlig om TAFU- prosjektet til styringsgruppen i perioden 2008-2012 og i økonomirapporteringen til Utdanningsdirektoratet.”*

## 2 Om fengsla og fangebefolkninga

### 2.1 Endringar innan kriminalomsorga

Kriminalomsorga er samansett av Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF), seks regionadministrasjonar, fengsla og friomsorgskontora, to senter for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND), Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS) og Kriminalomsorgens IT-teneste (KITT).

Det finst 3 fengsel særskilt tilrettelagt for kvinner, Bredtveit, Sandefjord og Ravneberget med til saman 117 plassar. I tillegg finst det kvinneavdelingar ved 8 andre fengsel med i alt 74 plassar. Ein del andre fengsel kan ta imot kvinner etter behov. I 2011 var det 17 andre fengsel som hadde kvinnelege innsette.

Det er i dag skole ved alle fengsel og fengselsavdelingar. Når det gjeld dei to nye ungdomseiningane, er den eine mellombels etablert ved Bergen fengsel, avd. D. Det er planar for at avdelinga skal liggje i nye lokale i nærleiken av Bjørgvin fengsel. Det er ikkje avgjort kor ungdomseininga på Austlandet skal byggjast.

Om lag 37 prosent av alle fengselsplassane er klassifiserte som lågare grad av tryggleik.

### 2.2 Tal på innsette gjennom året

Det gjennomsnittlege talet på innsette per dag i 2011 var 3622. I 2010 var talet 3704. Pr.31.12.2011 var den ordinære fengselskapasiteten 3838. Den aktuelle kapasiteten var 3813. Det totale talet på innsette i 2011 var 14126 (14606 i 2010).

Gjennomsnittleg sitjetid var i 2011 87 døger, mot 79 døger i 2010. Gjennomsnittleg tal for innsette pr. 100 000 innbyggjarar 15 år og eldre, var 90.

I gjennomsnitt sat 931 i varetekt i 2011 mot 990 i 2010 og 799 i 2009.

Av alle nyinnsetjingar i 2011 var 8 prosent kvinner. I gjennomsnitt var det 216 kvinner i fengsel.

Talet på utanlandske borgarar i norske fengsel er aukande. Pr. 1. mars 2011 var 31,1 prosent av fangebefolkninga utanlandske borgarar. I 2006 var talet 19,4 prosent. I alt var 127 nasjonar representert: Polen (403), Litauen (370), Irak (146), Romania (190), Sverige (129) og Somalia (123) for å nemne nokre (tala er henta frå «Kriminalomsorgens årsstatistikk 2011», Kriminalomsorgens sentrale forvaltning).


## 3 Om skolen

Det er 36 vidaregåande skolar og ein eigen skole (Grønland Voksenopplæringscenter) – 37 i alt, som er ansvarlege for opplæringa i kriminalomsorga. Dette gjeld opplæringa både i fengsla og ved dei 10 oppfølgingsklassane som er etablert rundt omkring i landet. I 2011 var det i alt tilsett 392 lærarar på heil- og deltid, noko som utgjer 276 årsverk. Av alle tilsette lærarar var det var 58% kvinner. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.

## 4 Om elevane


Det gjennomsnittlege elevtalet var i 2011 på 1942, 663 på heiltid og 1279 på deltid (elevar i fengsel og oppfølgingsklassar samanlagt). Det er talet elevar på deltid som har auka mest – frå 968 i 2009 til 1279 i 2011 (vedlegg 6 og vedlegg 18).

Frå og med 2009 registrerer skolane elevar på heiltid og deltid. Denne måten å registrere på gir truleg eit meir korrekt bilete av kapasiteten. Auken i talet på deltidselevar kan og vera eit uttrykk for at opplæringsstilboda er meir tilpassa dei innsette sine behov. I mange fengsel er det slik at dei innsette kan gå halv dag i arbeidsdrifta og halv dag i skole.



**Figur 1** Tal elevplassar 1996 – 2011 (tal).

Figur 1 viser tal på gjennomsnittlege elevplassar frå 1996 – 2011. Frå 2005 til 2009 ser vi ein auke i tal elevplassar. Det er i dette tidsrommet regjeringa gir midlar slik at det blir etablert skole i alle fengsel. Auken i tal elevplassar frå 2009 (markert med raudt i figuren) kjem på grunn av at skolane no registrerer både på heiltid og deltid og slik får eit rettare bilete av opplæringsaktiviteten. I tillegg blei Halden fengsel opna i april 2010 med ei omfattande opplæringsverksemd, noko som også gir seg utslag i auken på tal elevar. Dei fleste skolane har auke i tal elevar på deltid.



**Figur 2** Tal elevplassar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar (tal).

Figur 2 viser talet på elevar på heiltid og deltid fordelt på fengsel og oppfølgingsklassar. Samanlikna med 2009 har talet på deltidselevar nesten fordobla seg både i fengsla og oppfølgingsklassene.

Tabell 1 viser registrerte elevar (heiltidselevar + halvparten av deltidselevar) over tid i fengsla etter type opplæring. For 2011 er det, samanlikna med 2010, færre elevar registrerte på vgs, andre kurs og arbeidskvalifiserande kurs, men ein svak auke når det gjeld elevar på høgskole og universitetsstudier.

**Tabell 1** Registrerte elevar (heiltidselevar + halvparten av deltidselevar) gjennom året i fengsel frå 2003 til 2011 fordelt etter type opplæring.

Skoleslag	I fengsel									
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	
Grunnskole	235	193	188	89	65	98	129	96	96	
Vgs	1572	1390	1448	1667	2533	2521	3314	2851	2113	
Andre kurs	1970	1813	1922	2600	2623	3281	3527	2352	1936	
Arb.kval kurs							1162	1611	1589	
Høgskole/Universitet							159	134	177	
<b>Totalt</b>	<b>3777</b>	<b>3396</b>	<b>3558</b>	<b>4356</b>	<b>5221</b>	<b>5900</b>	<b>8291</b>	<b>7044</b>	<b>5912</b>	


Tabell 2 viser registrerte elevar over tid i oppfølgingsklassane. Her ser vi ein liknande r tid i oppfølgingsklassane. Her ser vi ein liknande nedgang samanlikna med 2010 i tal på elevar innanfor vgs, andre kurs og arbeidskvalifiserande kurs. Også her finn vi en auke i tal studentar ved høgskole/universitet.

**Tabell 2** Registrerte elevar gjennom året i oppfølgingsklassar frå 2003 til 2010 fordelt etter type opplæring.

Skoleslag	I oppfølgingsklasse								
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Grunnskole	42	45	31	10	11	7	12	27	4
Vgs	184	209	215	234	182	186	215	308	187
Andre kurs	124	162	184	201	134	307	509	258	145
Arb.kval kurs							132	92	78
Høgskole/Universitet							25	7	18
<b>Totalt</b>	<b>350</b>	<b>416</b>	<b>430</b>	<b>445</b>	<b>327</b>	<b>500</b>	<b>893</b>	<b>722</b>	<b>432</b>


I 2011 var det 6344 «heltidsekvivalentar» (5912 i fengsel og 432 i oppfølgingsklassar) i ei eller anna form for opplæring i 2011. Dette talet er slik mellom anna på grunn av at den gjennomsnittlege soningstida er kort, og at ein del elevar kan vera talde fleire gonger. Ein elev kan delta på fleire opplæringstilbod gjennom året.

## 5 Om elevane i skolen i fengslet



**Figur 3** Gjennomsnittlege tal på elevar i skolen i fengslet delt på typar opplæring (tal) .

Figur 3 viser tal på elevar (gjennomsnitt) i skolen i fengslet fordelt på ulike typar opplæring. Etter at vi i 2009 byrja registreringa med heil- og deltidselevar, ser vi at talet på deltidselevar har hatt ein auke både når det gjeld arbeidskvalifiserande kurs, andre kurs og vidaregåande opplæring. Ei tolking kan vera at deltidsstudium høver den innsette godt. Det kan bli ein god kombinasjon av opplæring og andre aktivitetar i fengslet.



**Figur 4** Gjennomsnitt tal på elevar i fengsel fordelt på type opplæring (tal).

Figur 4 viser gjennomsnittal for elevar gjennom året i fengsel fordelt på ulike typar opplæring. Det var i 2005 arbeidet med å få etablert opplæring i alle fengsla tok til. Dei siste åra ser vi ein nedgang, utan at vi ser klare årsaker til det. Det har vore ei svak auke av studentar ved høgskole og universitet.

## 5.1 Grunnskole

Det er svært få innsette som tar opplæring på grunnskolenivå, sjølv om siste kartlegginga av innsette sin utdanningsbakgrunn viste at 10 prosent ikkje har fullført grunnskolen (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, Rapport nr 1/10 frå Fylkesmannen i Hordaland). Forskarane meiner den høge prosentdelen utlendingar i fengsla kan forklare litt av årsaka til manglande fullføring av opplæring på grunnskolenivå. Frå tabell 1 går det fram at berre 97 elevar var registrerte som elevar i grunnskolen i 2011.

### 5.1.1 Eksamenar

Når det er få elevar i skolen, blir også tatt få eksamenar. Ingen elevar i fengsel tok eksamen i grunnskolen.

## 5.2 Vidaregåande opplæring


Figur 3 viser at det gjennomsnittleg går 671 elevar (390 på heiltid og 281 på deltid) på vidaregåande opplæring. Det er nedgang på 155 elevar samanlikna med 2010. 2113 (2851 i 2010) var innom vidaregåande opplæring i 2011.

Tabell 3 viser det samla talet for elevar på heil- og deltid fordelt på utdanningsprogram i vidaregåande skole. Ser vi på fordelinga av gjennomsnittleg elevplassar innan vidaregåande skole – heiltid, er om lag 60 prosent innanfor yrkesretta opplæring. Det er ein auke på yrkesretta opplæring med 14 prosent samanlikna med 2009. Når det gjeld deltid er om lag 55 prosent elevplassar innanfor yrkesretta opplæring.

**Tabell 3** Gjennomsnittstal gjennom året for elevar, heiltid og deltid, fordelt på utdanningsprogram i vgs.

Utdanningsprogram	Heiltid	Deltid
Studiespesialisering	137	86,25
Bygg- og anleggsteknikk	63,75	25,5
Teknikk og industriell produksjon	46	25,25
Restaurant- og matfag	41,5	32,25
Design og handverk	21	22,75
Service og samferdsle	18,75	9,25
Medier og kommunikasjon	17,75	22,5
Musikk, dans og drama	15,5	38,25
Naturbruk	11,25	4
Helse- og sosialfag	7,25	9,25
Elektrofag	2,5	5,5
Idrettsfag		


### 5.2.1 Eksamenar og kompetansebevis



**Figur 5** Elevar i fengsel som har fått standpunkt karakter (ikkje data frå 2010), teke eksamen eller fått kompetansebevis i 2010 og 2011 (tal)

Figur 5 viser kor mange elevar som har teke eksamen og kompetansebevis i 2010 og 2011. Talet på elevar som tok eksamen og kompetansebevis var litt lågare i 2011 enn i 2010. Årsaken til at det er færre som har gjennomført eksamen, kan vera at talet innsette i varetekt var høgt også i 2011.


### 5.2.2 Lærekontraktar, lærekandidatar, fagbrev/sveinebrev og praksiskandidatar



**Figur 6** Tal på fagprøve/sveinebrev, praksiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel (tal)

Figur 6 viser tal på avlagte fagbrev/sveinebrev, praksiskandidatar, lærekontraktar og lærekandidatar i fengsel. Talet på inngåtte fagprøvar/sveinebrev og praksiskandidatar har hatt ein auke i 2011 samanlikna med året før. Talet på lærekandidatar og inngåtte lærekontraktar er nokolunde stabilt. Sjølv om det er ein auke i talet på praksisrelaterte opplæringar, er det urovekkjande at det framleis er fleire av dei store fengsla med verkstader som er godkjende som lærebedrifter, som har få inngåtte lærekontraktar og få gjennomførte fagbrev. Det er dei små og opne fengsla som har flest inngåtte lærekontraktar. Talet på varetektsinnsette var høgt også i 2011, ein situasjon som gjer det vanskeleg med slike strukturerte opplæringsopplegg.

### 5.2.3 Realkompetansevurderingar



**Figur 7** I 2008 og 2009 talde rapporteringa totaltalet realkompetansevurderingar, det skilde ikkje mellom realkompetansevurderingar gjennomført i kriminalomsorga og oppfølgingsklassane(I rapporteringa for 2011 vart det spurt etter både realkompetansekandidatar og realkompetansevurderingar. I framstillinga er talet for realkompetansevurderingar (101) brukt, talet for realkompetansekandidatar var 144 i 2011 i kriminalomsorga).

I 2011 blei det gjennomført samla 118 realkompetansevurderingar, 101 i kriminalomsorga og 17 i oppfølgingsklassane. Dette er totalt 120 færre realkompetansevurderingarenn i 2010 i kriminalomsorga og oppfølgingsklassane. I kriminalomsorga var det 97 færre realkompetansevurderingar medan det i oppfølgingsklassane var 23 færre realkompetansevurderingar enn i 2010.

Det blei registrert realkompetansevurderingar i 24 av fengselsavdelingane i 2011, 36 av fengselsavdelingane gjennomførte ingen realkompetansevurderingar.

Det er Jessheim vgs, skuleavdelingane ved Ullersmo fengsel og Ullersmo fengsel avd Kroksrud som har gjennomført flest realkompetansevurderingar(18 rkv), deretter Rud vgs, skuleavdelinga på Ila fengsel og forvaringsanstalt (13 rkv), så Færder vgs, skuleavdelingane ved Søndre Vestfold fengsel Berg og Sem fengsel (12 rkv). Ser me på tala frå den enkelte skuleavdeling syner tabellen under dei fem skuleavdelingane med flest gjennomførte realkompetansevurderinga i kriminalomsorga. Desse fem skuleavdelingane gjennomførte nærmast halvparten av realkompetansevurderingane i kriminalomsorga dette året (48,5 %).

**Tabell 4** Oversikt over dei fem skuleavdelingane med flest realkompetansevurderingar i kriminalomsorga i 2011

Hovudskule	Skuleavdeling	Reg. elevar	Tal på rkv
Rud vgs	Ila fengsel og forvaringssanstalt (HS)	38,5	13
Jessheim vgs	Ullersmo fengsel (HS)	127,5	12
Rosthaug vgs	Hassel fengsel (LS)	17	8
Færder vgs	Sem fengsel (HS)	94	8
Hønefoss vgs	Ringerike fengsel (HS)	137	8

Prosentdelen av registrerte elevar som vart realkompetansevurdert i kriminalomsorga kjem fram i figuren under. Gjennomsnittstalet for dette var 1,71 % på alle avdelingar, men om me skil mellom tryggleiksnivå har avdelingar med høg tryggleik ein noko større prosentvis del realkompetansevurderingar med 2,06 % og avdelingar mot låg tryggleik med 1,38 % realkompetansevurderingar. Tabellen under syner dei fem skuleavdelingane med høgast prosentdel realkompetansevurderingar av elevar i kriminalomsorga. Nesten halvparten av dei registrerte elevane i Hassel fengsel blei realkompetansevurdert i 2011.

**Tabell 5** Tabellen gjev ei oversikt over dei fengselsavdelingane som hadde størst prosentvis del realkompetansevurderingar i høve til registrerte elevar Tabellen gjev ei oversikt over dei fengselsavdelingane som hadde størst prosentvis del realkompetansevurderingar i høve til registrerte elevar.

Hovudskule	Skuleavdeling	Reg. elevar	Prosentdel rkv av elevtal
Rosthaug vgs	Hassel fengsel (LS)	17	47,1 %
Rud vgs	Ila fengsel og forvaringssanstalt (HS)	38,5	33,8 %
Mysen vgs	Indre Østfold fengsel Eidsberg (HS)	16	12,5 %
Jessheim vgs	Ullersmo fengsel Krogsrud (LS)	54,5	11,0 %
Charlottenlund vgs	Trondheim fengsel Leira (LS)	10	10,0 %

For å auke bruken av realkompetansevurderingar har Fylkesmannen i Hordaland utarbeida ei nettside for å gjere relevant informasjon lettare tilgjengeleg for tilsette i opplæring i kriminalomsorga og andre relevante aktørar. Målsetjinga med nettsida er å samle relevante publikasjonar om emnet, gode døme frå opplæring i kriminalomsorga og døme på moglege verkty for realkompetansevurdering. Fylkesmannen i Hordaland vil og arrangere ei samling for avdelingsleiarar og rådgjevar i 2012 og informere om realkompetansevurdering i naturlege fora for opplæring i kriminalomsorga og i kriminalomsorga for å halde eit kontinuerleg søkjelys på emnet.

### 5.3 Arbeidskvalifiserande kurs

Talet på innsette som tok arbeidskvalifiserande kurs i 2011 var 1589 (vedlegg 14). Det er ein auke på 873 elevar samanlikna med 2010.

### 5.4 Andre kurs

Det gjennomsnittlege elevtalet på andre kurs var 1936. Andre kurs er ofte korte og motivasjonsfremjande tilbod som blir gitt for å fremja interessa for læring. Det kan vera formingskurs, musikkurs, drama, datakurs med meir. Dette er om lag like mange innsette som var innom "Andre kurs" i 2011 som i 2010 (vedlegg 17).

### 5.5 Høgskole/ universitet

Målsetjinga for tilskottsordninga er mellom anna å medverke til finansiering slik at fylkeskommunane kan gje opplæring på grunnskolenivå til innsette og frigjevne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette og frigjevne som har rett til og ønskjer det. Det er ikkje lagt inn midlar slik at skolane kan leggje til rette for innsette som ønskjer utdanning på høgskole/universitetsnivå. Samstundes seier departementet i St.meld.nr.27 (2004/2005) at "Fengsel, Aetat og skole må lokalt finne frem til løsnings som i minst mulig grad skaper unødige praktiske hindringer, og som i størst mulig grad legger til rette for deltakelse i høyere utdanning." Det er ulik praksis blant skolane korleis dei vel å leggje til rette for studentar i fengsla. Skolane har over tid nytta litt ressursar for gje tilbod for ein del innsette som ønskjer høgskole-/universitetsutdanning. Dette er ofte ressursar i form av rådgjeving, praktisk rettleiing for opptak og sjølvstudium og hjelp til å kontakte studieinstitusjonen.

I 2011 var det i snitt 76 innsette (59 på heiltid og 17 på deltid) som dagleg var i gang med høgare utdanning (høgskole eller universitet). Talet er ein tydeleg auke frå både 2010 og 2009, kor tala var høvesvis 60 innsette og 64 innsette.

Tal studentar som har teke eksamen i 2011 er 65 og desse har bestått 146 eksamenar. Det er framleis eit stykke opp til tala frå 2009, kor 79 innsette studentar tok eksamen, men i 2011 tok kvar student i gjennomsnitt 2,2 eksamenar mot 2 eksamenar i 2009.

Når ein ser nærare på rapporteringa frå skolane knytt mot fengselsavdelinga sitt tryggleiksnivå, ser ein i gjennomsnitt fleire elevar som tek eksamen i avdelingar med høg tryggleik enn i fengsel med låg tryggleik (vedlegg 6), sjølv om det er fleire registrerte studentar på låg tryggleik. Det totale talet registrerte elevar i høgare utdanning i fengsla for 2011 er 177, av desse er 100 registrert på avdelingar med låg tryggleik og 77 i avdelingar med høg tryggleik.

Tala viser at av registrerte studentar i 2011 er det under 40 prosent som faktisk tek eksamen (65 av 177 registrerte studentar). Noko av dette kan nok forklarast med at det ikkje er alle høgskole- og universitetsstudium som har eksamen kvart semester/ år, men det er også grunn til å tru at ein studiekvardag med mykje sjølvstudium, avgrensa tilgang til pensumlitteratur og få andre studentar å diskutere problemstillingar saman med kan spele ei rolle for studieprogresjonen til denne gruppa.


Fylkesmannen i Hordaland sette i 2011 ned ei nasjonal arbeidsgruppe som skal gje konkrete forslag til korleis studiekvardagen betre kan leggjast til rette for innsette som ønskjer å ta høgare utdanning. Arbeidsgruppa vil leggje fram sin rapport i 2012.

## 6 Om elevane i oppfølgingsklassene

Det er etablert oppfølgingsklassar ti stader rundt om i landet. Målsetjinga med desse klassane er blant anna å tilby opplæring for tidlegare innsette som er kome i gang med skule i fengsel og som ynskjer å halde fram etter frigjeving. Det er ein del som av ulike grunnar opplever det problematisk å gå direkte inn i ein ordinær vidaregåande skule, eller i eit anna opplæringsløp.

I oppfølgingsklassane er det mogeleg å få opplæring på ulike nivå. Innhaldet i opplæringstilbodet er opplæring på grunnskule og vidaregåande nivå og det er også nokre studentar som tek høgare utdanning på høgskule/universitetsnivå i desse klassane. I tillegg blir det gjeve ulike kurs, også arbeidskvalifiserande.

Talet på registrerte elevar har hatt ein nedgang med 267 elevar frå 698 i 2010 til 431 elevar i 2011. Oversikta under viser talet på registrerte elevar i den enkelte oppfølgingsklasse. Det er berre Utsikten, oppfølgingsklassen ved Færder vgs som har hatt ei auke i talet på registrerte deltakarar frå 2010 til 2011, dei andre oppfølgingsklassane har hatt ein nedgang i talet på registrerte elevar.




**Figur 8.** Oversikt over talet på registrerte elevar gjennom året i dei ulike oppfølgingsklassane i 2010 og 2011. Dei som har delteke i undervisninga på deltid er telt som 0,5 heiltidselev. Tal for registrerte elevar manglar for oppfølgingsklassa ved Kvadraturen vgs for 2010.

I 2011 var det samla daglege gjennomsnittstalet på 167 elevar (71 på heiltid og 96 på deltid, sjå vedlegg 18) i alle oppfølgingsklassane. Det er ein kraftig nedgang frå 2010 der det daglege gjennomsnittstalet var 247 (105 på heiltid og 142 på deltid).

Figuren under gjev ei oversikt over det daglege gjennomsnittstalet i dei ulike oppfølgingsklassane, fordelt mellom heil- og deltid i 2011. Fire av oppfølgingsklassane hadde flest deltakarar som følgde undervisninga på heiltid, medan seks oppfølgingsklassar hadde flest deltakarar på deltid.

I tillegg blei Halden fengsel opna i april 2010 med ei omfattande opplæringsverksemd, noko som også gir seg utslag i auken på tal elevar. Dei fleste skolane har auke i tal elevar på deltid.



**Figur 9.** Oversikt over dagleg gjennomsnittstal av elevar i dei ulike oppfølgingsklassane i 2011, gjennomsnitt av fire teljedatoar.

## 6.1 Grunnskule


Det er svært få deltakarar som får opplæring på grunnskulenivå i oppfølgingsklassane. Dagleg gjennomsnittleg deltakartal er 2 (1,5) (ingen på heiltid, 2 på deltid). Til saman har 4 (3,5) deltakarar vore registrert i grunnskuleopplæring i ein oppfølgingsklasse i 2011. Dette er ein nedgang frå 2010 då det daglege gjennomsnittselevtalet var 8 og totalt 27 elevar fekk opplæring på grunnskulenivå.

Som i 2009 og 2010 var det ingen elevar i oppfølgingsklassane som tok eksamen på grunnskulenivå i 2011.

## 6.2 Vidaregåande opplæring

Dei fleste deltakarane i oppfølgingsklassane følgjer opplæring på vidaregåande nivå. Av heiltidsstudentane er tilnærma 80 % elevar i vidaregåande opplæring, medan tilsvarande del av deltidselevane er ein om lag ein tredjedel.


Dagleg gjennomsnittleg elevtal var 87 elevar, (56 på heiltid, 31 på deltid, sjå vedlegg 18) i 2011. Som oversikta under viser var dette ein nedgang frå 2010, men omtrent tilsvarande tala frå 2009.



**Figur 10.** Oversikt over daglege gjennomsnittstal på elevar i vidaregåande opplæring, fordelt på heil- og deltid i perioden 2009-2011.

Gjennom heile året var det registrert 187 elevar. Dette er ein nedgang frå året før, då vart det registrert 308 elevar.

## 6.2.1 Utdanningsprogram i vidaregåande opplæring



**Figur 11** Oversikt over elevar i oppfølgingsklassane fordelt på yrkesfaglege og studiespesialiserande utdanningsprogram.


Storparten av elevane som går i oppfølgingsklassane får opplæring på vidaregåande nivå. Majoriteten av desse elevane har velt eit studieførebuande program, enten på heiltid eller på deltid, sjå figuren over.

Neste tabell viser dei daglege gjennomsnittstala for dei ulike utdanningsprogramma. Av elevane som tek eit yrkesfagleg utdanningsprogram er det flest som tek Teknikk og industriell produksjon på heiltid og Design og handverk på deltid.

**Tabell 6** Oversikt over fordeling av elevar på dei ulike utdanningsprogramma

Utdanningsprogram	Heiltid	Deltid
Studiespesialisering	40,5	18
Teknikk og industriell produksjon	6,5	0,5
Helse- og sosialfag	3	2,25
Bygg- og anleggsteknikk	2,5	2,5
Service og samferdsle	1,25	2,25
Design og handverk	1	5,25
Restaurant- og matfag	1	0,5
Idrettsfag	0,5	0
Elektrofag		
Medier og kommunikasjon		
Naturbruk		
Musikk, dans og drama		


## 6.2.2 Eksamen, standpunktkarakter og kompetansebevis i vidaregåande opplæring



**Figur 12** Talet på elevar som har teke eksamen(ar) fått standpunktkarakterar eller fått kompetansebevis i vidaregåande opplæring. Talet på elevar som har oppnådd standpunktkarakter er berre rapportert på i 2011.

Det har vore ein auke i talet på elevar som har teke eksamen på vidaregåande nivå i 2011 samanlikna med dei to føregåande åra. 94 elevar tok totalt 114 eksamenar. Talet på elevar som har fått kompetansebevis er derimot halvert frå førre år. 20 elevar fekk ein eller fleire standpunktkarakterar i 2011.

### 6.2.3 Lærekontrakt, fagprøve/sveinebrev, praksiskandidat eller lærekandidat.



**Figur 13.** Oversikt over talet på avlagte fagprøver, lærekandidatar, praksiskandidatar og inngåtte lærekontraktar i perioden 2009-2011.

Som figuren viser er det avlagt fem fagprøver, to elevar er starta som lærekandidatar, talet på praksiskandidatar er dobla frå året før og det er inngått åtte lærekontraktar i 2011.

### 6.2.4 Realkompetansevurderingar

Talet på realkompetansevurderingar i oppfølgingsklasane er meir enn halvert frå 2010 til 2011. Det vart gjennomført totalt 17 realkompetansevurderingar i oppfølgingsklassane i 2011 mot 40 førre år.

Realkompetansevurderingane i 2011 vart gjennomført ved oppfølgingsklassen Fossane ved Åsane vgs (11 rkv), oppfølgingsklassen Furuskogen ved Steinkjer vgs (5 rkv) og oppfølgingsklassen ved Storhamar vgs (1 rkv).

## 6.3 Høgskule og universitet

18 studentar var registrert som deltakarar i utdanning på høgskule/universitetsnivå i 2011 i oppfølgingsklassane. Dei daglege gjennomsnittstala var tre studentar på heiltid og ein student på deltid. Tre studentar avla 4 eksamenar på høgskule/universitetsnivå.

## 6.4 Arbeidskvalifiserande kurs

Dagleg gjennomsnittleg elevtal var på 25 elevar (6 elevar på heiltid, 19 på deltid) Totalt deltok 145 elevar på ulike kurs.

## 6.5 Andre kurs

Dagleg gjennomsnittleg elevtal var 48 (5 på heiltid og 43 på deltid, vedlegg 20). Totalt deltok 145 elevar på ulike andre kurs gjennom året, mot 257 i 2010 og 509 i 2009.


## 6.6 Nettstøtta læring

I løpet av 2011 var det registrert 21 elevar eller studentar som nytta seg av nettstøtta opplæring gjennom året. Innhaldet i nettstøtta opplæring kan vere ulik kursverksemd, opplæring på grunnskule eller vidaregåande nivå eller studier på høgskule eller universitetsnivå.

Nettstøtta opplæring kan auke fleksibiliteten i opplæringstilbodet i opplæringsklassane slik at opplæringstilbodet i endå større grad kan bli tilpassa deltakarane.

## 6.7 Rekruttering til oppfølgingsklassane

Rekrutteringa til oppfølgingsklassane skjer frå fleire instansar



**Figur 14** Talet på elevar rekrutterte frå ulike instansar, eit gjennomsnitt av to teljedatoar.

Figuren over viser kor mange elevar som er rekrutterte frå kvar instans. I 2011 er det skulen i fengslet som har rekruttert flest elevar, og saman med elevane rekrutterte frå friomsorga utgjør dette om lag 75 % av elevane på teljedatoane.

## 6.8 Oversikt over elevar i oppfølgingsklassane fordelt på straffetype

**Tabell 7** Elevar i oppfølgingsklassane fordelt på "status" i forhold til straffgjennomføringslova.

Kategori	Tal							
	2002	2004	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Prøvelausl. m/møteplikt	18	13	6	9	8	8	15	3
I overgangsbustad								12
Gjennomføring av straff utanfor fengsel	13	2	3	1	0	2	29	
Samfunnsstraff	2	19	9	2	4	45	41	26
Frigang frå fengsel	13	12	21	12	12	39	22	26
Har vore under straffgjennomføring								23
Personunders. - ventar på rettskr. dom	1	0	2	3	1	5		2
Anna	31	33	16	17	23	17	32	28
<b>Totalt</b>	<b>78</b>	<b>77</b>	<b>55</b>	<b>43</b>	<b>47</b>	<b>115</b>	<b>138</b>	<b>119</b>

## 7 Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND-sentral)

Prøveordninga Narkotikaprogram med domstolskontroll trådde i kraft 01.01.2006 og inneber at rusmisbrukarar kan dømmast til å gå gjennom eit rehabiliteringsprogram som føresetnad for dom på vilkår ved narkotikarelatert kriminalitet. Den dømde må ha motivasjon for å gjere noko med sitt narkotikaproblem og må samtykke til ei slik straff. Alternativet til deltaking i ND-programmet er fengselsstraff utan vilkår. Prøveordninga er forlenga ut 2014, og det er oppretta ND-senter i Oslo og Bergen.

Ein viktig faktor for at arbeidet i ND-sentra skal lukkast er domstolane sin rolle. Etter maktfordelingsprinsippet<sup>2</sup> skal ikkje domstolane vere ein aktiv faktor i forvaltninga si handheving av straff, men i ND-sentra er domstolane si aktive dømning og oppfølging av den dømde si utvikling i programmet ein viktig premis for å lukkast. Narkotikaprogram med domstolskontroll er inndelt i 4 fasar: iversettingsfasen, stabiliseringsfasen, ansvarsfasen og vidareføringsfasen. Innhaldet i dei enkelte fasane vert sett av domstolane etter tilråding frå ND-sentra.

Gjennomføringa av dommen er knytt til eit dagsenter og innhaldet vert lagt til rette av ei tverrfagleg gruppe med representantar frå mellom anna sosialtenesta i kommunen, opplæringssektoren, spesialisthelsetenesta og kriminalomsorga. Frå sommaren 2011 vart opplæringsdelen i ND-sentra lagt under Fylkesmannen i Hordaland med øyremerka midlar over statsbudsjettet til ein lærarressurs kvar av stadene. Det faglege og pedagogiske ansvaret for opplæringsdelen har Oslo kommune og Hordaland fylkeskommune.

I 2011 vart det avsagt 16 dommar til ND i Bergen og 12 i Oslo. Talet på personundersøkingar gjennomført av ND-sentra for å vurdere om personar i systemet er egna for deltaking i Narkotikaprogram med domstolskontroll er 32 i Bergen og 49 i Oslo. Gjennomføring av dom i ND-programmet er individuelt tilrettelagt og tiltaka er ofte knytt opp til det å få kontroll over rusproblematikken.

### 7.1 Utdanningsbakgrunn til dei dømde

ND Bergen rapporterar at av dei 27 som har vore innom ND Bergen i 2011 er utdanningsbakgrunnen relativt einsarta. 24 har fullført grunnskolen, og 18 av dei har starta vidaregåande opplæring før dei kom til ND. Berre 4 har fullført vidaregåande opplæring og av desse har 3 påbegynt eller fullført høgare utdanning.

Tendensen er tilsvarande i Oslo. Av dei 28 som var innom ND Oslo i 2011 har 26 fullført grunnskolen, og 20 av dei har starta vidaregåande opplæring før dei kom til ND. 10 har fullført vidaregåande opplæring og 3 av desse har påbegynt eller avslutta høgare utdanning.

### 7.2 Opplæring i ND-sentra

I Oslo er lærarressursen i ND tilsett ved Grønland Voksenopplæringscenter, medan læraren i

2) Den franske filosofen Montesquieu sitt prinsipp frå 1700-talet. Statsmakta vert delt på tre organ: ei lovgivande, ei utøvande og ei dømmende makt som skal vere uavhengige av kvarandre gjennom skilde myndområde og klår oppgåvefordeling.

Bergen er tilsett direkte i Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. ND Oslo tilbyr ikkje sjølv undervisning eller kurs. Deltakarane er knytt til Grønland Voksenopplæringsenter eller ordinære tilbod i Oslo, medan ND Bergen tilbyr faghjelp på senteret. Begge stader vert lærarressursen nytta til rådgjeving, motivasjon, kartlegging og tilrettelegging for vidare opplæring.

I Oslo vart det gjennomført 1 realkompetansevurdering i 2011, men ingen i Bergen. I rapporteringa frå ND-sentra til Fylkesmannen i Hordaland vert det understreka kor viktig det er å auke talet på realkompetansevurderingar. Mange av deltakarane har fullført kurs og opplæring under tidlegare straffegjennomføring, eller har meir eller mindre praksis frå arbeidslivet utanfor murane. Lærarane i ND opplever også at deltakarane undervurderer kva opplæring og praksis dei faktisk har gjennomført til no. Mange av deltakarane synest å vere svært motiverte for skolegang.

I Oslo har 2 deltakarar tatt vidaregåande opplæring i 2011, medan 2 er kursdeltakarar utanfor den offentlege skolen. Det er også gjennomført kartlegging av lese- og skrivevanskar. I Bergen har 5 deltakarar tatt vidaregåande opplæring og 9 har teke del i faghjelp og lese/skrivetrening på ND senteret.

Gjennomføringa av Narkotikaprogram med domstolskontroll krev ein felles innsats og eit forpliktande samarbeid mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. ND-sentra vert evaluert av SIRUS, evalueringa vil ligge føre i 2014.

## 8 TAFU-tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning

KrAmi-prosjektet starta i Sverige i 1980 og er no eit ordinært samarbeid mellom Kriminalvården, Arbeidsmarknadsetaten og Socialetaten. Målet til KrAmi er todelt: lære deltakaren til å finne, få og halde på ein jobb i den opne arbeidsmarknaden og prøve ut nye modellar for samarbeid mellom etatar. Etter 22 år er KrAmi i Sverige ein stor suksess. Det fins KrAmi i 22 store og små byar, fleire er under planlegging, og både dei menneskelege og samfunnsøkonomiske gevinstane er stadfesta gjennom fleire forskingsrapportar<sup>3</sup>.

To ulike stortingsmeldingar<sup>4</sup> framhevar behovet for betre leggje til rette for å hindre tilbakefall til ny kriminalitet og betre forvaltningsetatane si samhandling for lauslatne fangar i Noreg. TAFU er den norske varianten av KrAmi, og blir no prøvd ut to stader i landet: Tromsø og Rogaland. Det er Kunnskapsdepartementet<sup>5</sup> som er eigar av TAFU Norge, medan

3) Socialstyrelsens klienteffektstudie-Nyström m.fl 2002, "At räkna med nytta: samhällsekonomisk utvärdering av socialt arbete", Kari Jess 2005

4) St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringa innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår" og St.meld.nr. 37 (2007-2008) Straff som virker- mindre kriminalitet- tryggere samfunn

5)Den sentrale styringsgruppa er samansett av Kunnskapsdepartementet, Justisdepartementet, Arbeidsdepartementet og Kommunal- og Regionaldepartementet.

Fylkesmannen i Hordaland er prosjektleiar. Målet for TAFU er fast arbeid/ opplæringsløp for deltakaren og å prøve nye modellar for forvaltnings samarbeid. Kjernen i TAFU er ein felles metodikk; konsekvenspedagogikk, som gjev eit einsarta verkty for medarbeidarane i møte med deltakarane og seg imellom.

I TAFU er medarbeidarar frå kriminalomsorga, kommunar, fylkeskommune, NAV og private tiltaksarrangørar lokalisert i eitt felles kontorlokale. Her er den daglege arbeidsplassen, og den einskilde tilsette medverkar med sin etats fagkompetanse og erfaringsgrunnlag inn i den daglege oppfølginga av deltakarane. Samtidig har den tilsette formell tilsetning i sin etat, med den forankring, kontaktnett og kompetanse dette gjev inn i prosjektet. De tilsette har difor også tilgang til sine etatars datasystem og kjernekompetanse. TAFU fekk også ein nettstad i 2011: [www.TAFU.no](http://www.TAFU.no)

## 8. 1 TAFU Rogaland

TAFU Rogaland har i 2011 har 6 tilsette<sup>6</sup>, og det er gjennomført 4 introduksjonskurs for deltakarar på 3 veker kvar med påfølgjande praksis/ opplærings søking. I 2011 har 93 personar søkt om opptak i TAFU<sup>7</sup>. 33 av desse fylte opptakskriteria og fekk plass. Av dei 32 som møtte til introduksjonskurs fullførte 28.

Av dei 32 som byrja på kurs hadde 4 deltakarar fullført vidaregåande opplæring, og 1 hadde høgare utdanning. 1 hadde ikkje fullført grunnskole og 27 deltakarar hadde ikkje fullført vidaregåande opplæring.

Resultata i 2011 er oppløftande. Av dei 28 som fullførte kurs i 2011 har 5 fått fast arbeid, 10 personar er/har vore i praksis og 8 ventar på praksisplass ved utgangen av 2011. Ti deltakarar er skrivne ut av TAFU, anten grunna rusmisbruk eller av eige ønskje. Dei som er skriven ut av TAFU har alltid høve til å komme attende til TAFU seinare.

### 8. 1.1 Opplæring i TAFU Rogaland

I Rogaland har fylkeskommunen valt å ikkje ha ein lærarressurs inn i prosjektet.<sup>8</sup> Fokuset på utdanning og opplæring er likevel blitt styrka i 2011. TAFU Rogaland har fokusert på til dømes, fullføring av avbrotne fagbrev, kvalifiserande kurs som aukar sjansane i arbeidslivet og praksiskandidatordninga. Eit godt samarbeid med Rogaland fylkeskommune er også utvikla innan karriererettleiing og vaksenopplæring.

## 8. 2 TAFU Tromsø

TAFU Tromsø starta opp 1.april 2011, og har 4 tilsette<sup>9</sup>. TAFU Tromsø gjennomførte det første introduksjonskurset for deltakarar hausten 2011. <sup>10</sup> 37 personar har søkt om opptak i TAFU Tromsø, og 12 personar er kalla inn til 1.gongs intervju. Av desse vart 6 tatt opp i TAFU

6) Tilsette frå NAV Sandnes (Sandnes kommune), Rogaland friomsorgskontor, Stavanger kommune og Allservice AS- privat tiltaksarrangør- finansiert av NAV Rogaland.

7) I Rogaland er målgruppa menn mellom 18 og 40 som er straffedømd. Vilkår for deltaking er vidare ordna butilhøve, ikkje ruse seg og vere motivert for å endre tilvere.

8) Opplæring var opphavleg ikkje ein del av KrAmi i Sverige. I 2011 har KrAmi Malmö gjeve eit auka fokus på utdanning og opplæring, sjølv om ikkje fulltidsutdanning nødvendigvis er eit mål.

9) Tilsette frå Tromsø fylkeskommune (tilknytt Breivika vgs), Troms friomsorgskontor, NAV og Tromsprodukt AS -privat tiltaksarrangør- finansiert av NAV Tromsø.

10) Målgruppa i TAFU Tromsø er kvinner og menn mellom 18 og 40 år heimehøyrende i Tromsø kommune.

i 2011, og 5 av dei møtte fram. Dei fleste som falt frå før oppstart har uoppgjorte dommar som hindrar start i TAFU. Av dei 5 som starta kurs, fullførte 4 deltakarar. Av desse er 1 gått vidare til behandling, 1 er i fast jobb utan lønstilskot, 1 er i praksis og 1 ventar på praksis ved utgangen av 2011.

### 8.2.1 Opplæring i TAFU Tromsø

Troms fylkeskommune har ein stilling i TAFU Tromsø, og denne stillinga er knytt opp til Breivika vgs, som også har ansvaret for opplæringa i Tromsø fengsel. Tala frå TAFU Tromsø er framleis så små at ein vanskeleg kan sjå tendensar, men Fylkesmannen i Hordaland er av den oppfatning at det er naudsynt med øyremerka ressursar til lærar i TAFU. Særleg forventar vi å sjå utbytte av ei gjensidig nytte mellom skolen i fengselet og TAFU ved frigang og lauslating.

## 8.3 Utfordringar for TAFU i eit opplæringsperspektiv

TAFU som prosjekt endar ved utgangen av 2013, og vert i 2012 og 2013 evaluert av Arbeidsforskningsinstituttet (AFI). Potensialet for å styrke opplæringsdelen av TAFU er stort. Koplinga mellom skolane i fengsla og TAFU må bli betre, slik at elevar som tek del i opplæringstilbod i fengsla kan fortsette skolegangen i TAFU ved frigang eller lauslating. Rådgjeverane ved skolane innan opplæring i kriminalomsorga bør knytte TAFU Rogaland eller Tromsø mot elevar heimehørande i Tromsø, Stavanger eller Sandnes kommunar før dei vert sett fri. Samstundes må TAFU og Fylkesmannen i Hordaland som projekteiar gjere TAFU kjent for alle innanfor opplæring i kriminalomsorga.

## 9 Andre forhold ved opplæringa

I rapporteringa ber vi om svar på spørsmål om samarbeid med andre aktørar, standard på undervisningslokale, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda det er ønskjeleg å ta opp. Frå og med 2005 er det lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005).

For 2011 vil vi særskild rapportere på desse fire områda: samarbeid med arbeidsdrifta, arbeidet med heilårsskole, ikt og rapporteringa på skolelokala.

### 9.1 Forvaltningssamarbeid


Forvaltningssamarbeidet står sentralt når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Å få til gode opplæringstilbod krev forvaltningssamarbeid mellom fleire instansar. Kriminalomsorga har eit overordna ansvar når det gjeld å samordna samarbeidet. Dette kjem fram mellom anna i Straffegjennomføringsloven §4 om forvaltningssamarbeid ”Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlige etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetekt får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.”

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet ut eit felles rundskriv om ... Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Dette

rundskrivet er no revidert og ligg føre som Rundskriv G-1/2008, dagsett 20.10.2008.

I Stortingsmelding 27 (2004 – 2005) blir forvaltningssamarbeidet understreka på nytt og det blir mellom anna vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjennomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterande effekt, er det viktig at "...at den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk" (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.28). Sentrale samarbeidspartnarar for skolen er arbeidsdrifta, programverksemda i fengslet og NAV.


### 9.1.1 Skolen sitt samarbeid med arbeidsdrifta



**Figur 16** Kven møter når det er eit formalisert samarbeid med arbeidsdrifta?

Figur 16 viser kven som møter når det er eit formalisert samarbeid med arbeidsdrifta. På fengselsnivå ser vi at både fengselsleiinga og leiar for arbeidsdrifta møter i samarbeidsfora med skolen. Frå skolesida er inspektør/avdelingsleiar og rådgjevar representert. Medan representasjonen er godt ivaretatt på leiarnivå i fengsla, er det tilsvarende dårleg i skolen. Ingen av rektorane tar del i slike møte.

Figur 17 viser kva skolen samarbeider med arbeidsdrifta om. Hovudtyngda i samarbeidet mellom arbeidsdrifta og skolen er utfordringane med lærekandidatene. Deretter det dei kallar teori og praksis. Det vil seia at skolen står ansvarleg for teorien medan arbeidsdrifta er ansvarleg for praksisen.



**Figur 17** Om samarbeidet med arbeidsdrifta er formalisert, kva blir det samarbeida om?

Dei skriftlege tilbakemeldingane frå skolane visar at det er eit breidt samarbeid med arbeidsdrifta omkring mange tema i møtepunkta mellom desse to partane.

## 9.1.2 Skolane sin bruk av IKT


Kven møter når det er eit formalisert samarbeid med arbeidsdrifta?

Tilgang til digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i Kunnskapsløftet. Det krev at elevane så langt råd har tilgang til IKT/Internett på linje med elevane i det øvrige skoleverket. Det er dette IFI løysinga, Internett for innsette, skal leggje til rette for.

**Tabell 8** Tal skolar som har IKT integrert i undervisninga

Ja	50	82,0 %
Nei	10	16,4 %
Ikkje svart	1	1,6 %

Tabell 8 får fram talet på skolar som har integrert IKT i undervisninga. Det er 10 skolar som melder at dei ikkje har IKT integrert i undervisninga og ein skole svarte ikkje på spørsmålet. 49 skoleavdelingar har nok pc-ar medan 11 rapporterer at dei ikkje har nok. Ein skoleavdeling har ikkje svart på spørsmålet.



**Figur 18** Oversikt i kor stor grad IFI fungerer til å oppfylle skolen sitt krav til digital kompetanse (prosent).

Figur 18 viser i kva grad IFI fungerer når det gjeld å oppfylle skolane sine krav til digital kompetanse. Det er berre 13,1 prosent som i stor eller ganske stor grad nøgd med løysninga. 41,0 prosent er middels nøgd med IFI, medan 31,2 prosent er i ganske eller liten grad nøgd. Den sistnemnde kategorien har auka frå 24,0 prosent året før. Det var også fleire som var middels nøgde med løysninga året før, 45,0 prosent.


Skolane er ikkje nøgde med IFI-løysinga og det viser at det er viktig å få til ei løysing som møter skolen sine behov betre enn det som kjem fram i desse tilbakemeldingane. Justisdepartementet seier at ”Tilgang til internett er et nødvendig tilbod om normalitetsprinsippet skal etterleves” (St.meld.nr.37,2007-2008).

Ved utgangen av 2011 var det framleis 12 skolar som ikkje hadde fått IFI løysinga.

For oppfølgingsklassane rapporterer ni av ti at IKT er integrert i undervisninga slik Kunnskapsløftet krev. Åtte av ti oppfølgingsklassar har nok pc-ar til undervisninga.

### 9.1.2.1 Opplæring gjennom heile året

St.meld.nr.27 (2004-2005) gjer det klart at skoleeigar og den lokale skolen har ansvar for å leggje til rette for at ein skal kunne tilby opplæring uavhengig av skoleåret. Dette for å betra opplæringstilboda og møta behovet til alle uavhengig av om den innsette har lang eller kort soningstid, for å få til betre ressursutnytting og for å møte behovet til institusjonen.



**Figur 19** Tilbyr skolen opplæring gjennom heile året (prosent)?


Figur 19 viser at over halvparten (55,7 prosent) av skoleavdelingane tilbyr opplæring i sommarferien, medan tilboda er betre i haust- og vinterferien med høvesvis 65,6 og 60,7 prosent. Dette er ei betring av dei rapporterte tala for 2010, då berre 43,0 prosent av skulane gav opplæringstilbod i sommarferien og 54 prosent i vinterferien.

Av grunnar som blir oppgitt for ikkje å tilby opplæring gjennom heile året, svarar fleire avdelingar at dei ikkje har ressursar til å drive slik opplæring. Fylkesmannen i Hordaland har gjennom sine tildelingsbrev til fylkeskommunane sagt at utifrå den tildelte ressursramma skolane får tildelt, skal det leggjast til rette for opplæring gjennom heile året.

Det er varierende kva slags opplæringstilbod som blir gitt i feriane. Ein del avdelingar tilbyr det same som for resten av året medan andre avdelingar i større grad gir tilboda i enkeltfag, kurs samarbeid med NAV og andre spesialtilpassa kurs.

### 9.1.2.2 Undervisningslokala

Det er kriminalomsorga sitt ansvar å skaffa tilfredsstillande lokale til opplæring i fengsla. Dette går fram av Rundskriv G-1/2008 om Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga og i Avtalen mellom staten ved Kyrkje- og undervisningsdepartementet og fylkeskommunen om statstilskot til fengselsundervisning frå 1988.



**Figur 20** Om lokala ikkje var tilfredsstillande, er det konkrete og tidfesta planar for utbetring?

Vi har bedt rapportørene som ikkje opplevde lokala som tilfredstillande, sei noko om det er konkrete planar for utbetring. Det er berre 9 av 48 skoleavdelingar som veit om slike planar.

På spørsmål knytt til standarden på lokala som vert nytta til opplæring, rapporterer skolane både på standarden på lokala nytta til opplæring i teori og på lokala nytta til yrkesfag. Dette betyr at skolane svarar på to spørsmål og at ein skole kan ha ulik standard på ulike lokale.

Tabell 9 viser skolane si vurdering av undervisningslokala som blir nytta til opplæring. Vi ser at det er mange skolar som rapporterer om svært god og god standard på undervisningslokala. Diverre er det for mange skolar som gir tilbakemelding om at lokala er i dårleg stand. Det gjeld i særleg grad lokale for yrkesopplæring. Regionane i kriminalomsorga må lage ein plan for korleis dei kan møte behovet for tilfredsstillande undervisningslokale. Dersom ikkje det skjer, vil det vera uforsvarleg bruk av ressursar og det kan bli aktuelt å leggje ned skoleverksemda.

**Tabell 9** Skolane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring

REGION ØST		Dårleg	Mindre god	God	Svært god
Bredtveit fengsel forvarings- og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Bredtveit fengsel, avd. Bredtveitveien	Teori				
	Yrkesfag				
Oslo fengsel avd A	Teori				
	Yrkesfag				
Oslo fengsel avd B	Teori				
	Yrkesfag				
Sarpsborg fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Halden fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ravneberget fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd. Trøgstad	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd Eidsberg	Teori				
	Yrkesfag				

<b>REGION NORDØST</b>					
Ila fengsel forvarings-og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel avd. Krogsrud	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. Lukket (Vardåsen avd. G)	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. Åpen (Vardåsen)	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Bruvoll	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Ilseng fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Gjøvik	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Valdres	Teori				
	Yrkesfag				

REGION SØR					
Hassel fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ringerike fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Drammen fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Nordre Vestfold fengsel avd. Horten	Teori				
	Yrkesfag				
Nordre Vestfold fengsel avd. Hof - Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Søndre Vestfold fengsel avd. Berg	Teori				
	Yrkesfag				
Søndre Vestfold fengsel avd. Larvik	Teori				
	Yrkesfag				
Bastøy fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Sandefjord fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Sem fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Telemark fengsel avd. Skien fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Telemark fengsel avd. Kragerø fengsel	Teori				
	Yrkesfag				

<b>REGION SØRVEST</b>					
Arendal fengsel avd. Kleivgrend	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. Evje	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Arendal fengsel avd. Håvet	Teori				
	Yrkesfag				
Kristiansand fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Haugesund fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Åna fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Åna fengsel avd. Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Sandeid fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Stavanger fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
<b>REGION VEST</b>					
Bergen Fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bjørgvin fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bergen Fengsel avd. Osterøy	Teori				
	Yrkesfag				
Vik fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Vik fengsel avd. Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Hustad fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Hustad fengsel avd. Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Ålesund fengsel	Teori				
	Yrkesfag				

REGION NORD					
Trondheim fengsel avd. Leira	Teori				
	Yrkesfag				
Trondheim fengsel avd. Nermarka	Teori				
	Yrkesfag				
Verdal fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bodø fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Bodø fengsel avd. Fauske	Teori				
	Yrkesfag				
Mosjøen fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Tromsø fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Tromsø fengsel avd. Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Vadsø fengsel avd. Lukket	Teori				
	Yrkesfag				

## 10 Om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland er med verknad frå 01.10.93 delegert ansvaret for dei nasjonale samordnings- og utviklingsoppgåvene for opplæring innanfor kriminalomsorga. Oppgåvene kan grupperast i desse hovudområda:

- Fordeling av tilskott
- Tilsyn/fagleg kontroll
- Fagleg/pedagogisk oppfølging, forsøks- og utviklingsarbeid
- Ein viss grad av Internasjonal kontakt

### 10.1 Retten til opplæring

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering slik at innsette eller frigjevne som har byrja på opplæring under soning, som ikkje har fullført grunnskolen eller vidaregåande skole, og som har rett til og ønskjer slik opplæring, får det.

For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at ulike fangegrupper skal ha eit reelt opplæringstilbod, er det også eit mål å gi kortare kurs med ein primær målsetting om kurs eller delkurs som kan knytast til kompetanssmål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Vi nyttar ulike strategiar for å informere og sjå til at skoleeigarar ivaretek sitt ansvar for innsette sine rettar i opplæringslova. Dette blir gjort gjennom tildelingsbrev, møte, fagsamlingar, prosjekt og implementering av prosjektresultat og vidare.

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane kvart år blir skoleeigar gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skoleverket generelt. Skoleeigar blir gjort særleg merksam på dette både i førebels tildelingsbrev og tildelingsbrev, at innsette med rett og plikt til grunnskole og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast. I tildelingsbrev for 2009 blei fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen beden om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar. Dette arbeidet har halde fram i 2011. I dag har minst 9 fylkeskommunar ei plan for området, medan vi veit at nokre fylkeskommunar er i gang med si plan. Fylkesmannen i Hordaland har ein samla oversikt over fylkesplanar for opplæring innanfor kriminalomsorga på heimesida.

Fylkeskommunane, skolane, kriminalomsorga har blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G1/2008 frå Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet om Forvaltningssamarbeid mellom Opplæringssektoren og Kriminalomsorgen.

Fleire Fylkesmenn har gjennomført tilsyn med fylkeskommunen på dette området med særleg vekt på om dei innsette som har ein rett til opplæring, får retten sin innfridd. I 2011 hadde Fylkesmannen i Rogaland tilsyn ved opplæringa ved Åna og Stavanger fengsel. Eit av avvika var manglar på retten til val av utdanningsløp.

### 10.1.1 Oppfølging og kontroll

Fylkesmannen reviderer rekneskap og gjennom årsrapporteringa får vi eit bilete av om ressursane blir nytta i høve til føresetnadene. Fylkesmannen har ikkje gripe inn ovanfor nokon av fylkeskommunane i 2011 for ressursbruken. Fylkesmannen har oppfordra Oslo kommune om å organisere opplæringsverksemda i samsvar med normalordninga elles for området.

Tilsyn blir gjennomført som resultat av plan for oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004 – 2005) der det einskild fylkesmannsembete får ansvar for å gjennomføra tilsyn med opplæring innanfor kriminalomsorga. Dette for å sikra at innsette får ivaretatt rettane sine til opplæring, jf opplæringslova.

### 10.1.2 Forskingsbasert kunnskap

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom fleire år hatt samarbeid med forskingsinstitusjonar for å gjennomføre kartlegging og forskning på området opplæring i kriminalomsorga. Dette er for å bygge opp eit kunnskapsbasert grunnlag for skoleverket for best mogeleg kunne tilby tilpassa opplæringsløp til alle innsette.

Utifrå ei felles forståing av behovet for kunnskapsutvikling er det inngått ei avtale om FoU-samarbeid<sup>11</sup> mellom Fylkesmannen i Hordaland og Universitetet i Bergen. Avtalen skal medverke til langsiktig kunnskapsbygging og metodeutvikling på område som er sentrale for Fylkesmannen i Hordaland når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Avtalen er med forskingsgruppene “Knowledge, Education and Democracy” og “Bergen Cognition and Learning Group” ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

<sup>11</sup> Forskings- og undervisningssamarbeid

Vidare har vi som mål å inngå avtalar om å følge og/ eller sluttevaluere pågåande prosjekt. I 2011 avslutta Oxford Research evalueringa av prosjektet «Nettstøtta læring» (Rapport 1/ 2012, Fylkesmannen i Hordaland). Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) starta i 2011 ein følgieevaluering av TAFU (Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning) og skal gjere ei sluttevaluering i 2013. Gjennom arbeidet i Nordisk nettverk for fengselsundervisninga har vi teke initiativ til ei kartlegging av utanlandske innsette i dei nordiske landa. Universitetet i Bergen slutførte den norske delen av undersøkinga i 2011 (Rapport 2/ 2012, Fylkesmannen i Hordaland).

### 10.1.3 Internasjonalt arbeid

I ansvarsområdet for opplæring innanfor kriminalomsorga, ligg også ein viss kontakt i internasjonal samanheng.

Vi har også i 2011 vore koordinator for «Nordisk nettverk for fengselsundervisning». Nettverket får økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd v/NVL (Nordisk Nätverk för Vuxnas Lärande) til å gjennomføre møte for å utvikle det nordiske samarbeidet innanfor området fengselsundervisning. Nettverket hadde fire møte i 2011, i tillegg til å arrangere eit seminar om utfordringar i forholdet arbeidsdrift-skole i Malmö, Sverige. Nordisk nettverk for fengselsundervisning har også ei eiga nettside<sup>12</sup>, kor eit redaksjonsråd har hatt møte for oppdatering og utvikling.

Fylkesmannen har i 2011 i lag med Charlottenlund vgs vore aktive deltakarar i Prosjektet BRIDGE<sup>13</sup> – “Bridging the gap: Bi-level tutorial system for imprisoned persons’ career growth” som starta opp i november 2010. Charlottenlund vidaregåande skole<sup>14</sup> prøver ut eit verkty for å forbetre samhandling i overgangen fengsel - fridom. Elles har vi vore aktive i mellom anna EPEA<sup>15</sup> i møte med kollegaer i Europa for erfaringsutveksling og idespreiing. Fylkesmannen i Hordaland tok del i den 13. internasjonale EPEA konferansen i Manchester, England i 2011. Her presenterte Fylkesmannen i Hordaland 3 ulike prosjekt i arbeidsseminar.

Vi har ved enkelte høve blitt inviterte av organisasjonar og styresmakter for å formidle erfaringar frå Noreg. Mange land i Europa hentar stor inspirasjon til eigen praksis for dette område i Noreg.

## 10.2 Hovudutfordringar for området

### 10.2.1 Retten til opplæring

Utfordringane framover er i stor grad knytt til å sikre at dei som har rett til opplæring får den retten oppfylt. Dette kan mellom anna betre sikrast gjennom fortsatt arbeid for heilårsskole og auka kapasitet (med anna ved å betre skolelokala). Det er også viktig at retten til opplæring blir gjeldande for alle grupper innsette, både i varetekt og soning. Skolane har store utfordringar i samband med det veksande talet på utanlandske innsette og auka i talet på varetektsinnsette. Her må Fylkesmannen følge utviklinga nøye, og føreslå tiltak for å gje opplæringstilbod i samsvar med behov og rett.

Tilskuddsordninga er basert på ei rekke faktorar som i stor grad er skjønnsbaserte. Fylkesmannen vil saman med skolane, skoleiegarar og oppdragsgjevar sjå om det innanfor dagens regelverk er mogleg å grunna tilskota i fleire ikkje-skjønnsbasert variablar.

<sup>12</sup> [www.fengselsundervisning.net](http://www.fengselsundervisning.net)

<sup>13</sup> <http://bridge-euproject.eu/>

<sup>14</sup> Charlottenlund vgs har ansvar for opplæringa i Trondheim fengsel, Trondheim fengsel avd. Leira og Oppfølgingsbasen

<sup>15</sup> European Prison Education Association

I 2012 gjennomfører Fylkesmannen i lag med Universitetet i Bergen den fjerde kartlegginga av fangebefolkninga. Det blir eit viktig arbeid å følge opp resultatane frå denne kartlegginga, og mellom anna arbeide for ei god drøfting av desse resultatane blant samarbeidspartane. Partane må leggje til rette for at tilbodet blir i samsvar med funna.

## 10.2.2 Digital kompetanse

Å utvikle og betre den digitale kompetansen er avgjerande for dei innsette i fengsla. Dei innsette med rett til opplæring har eit uomtvisteleg krav på ei utdanning der bruk av digitale verkty er ein integrert del av opplæringsløpet. Normalitetsprinsippet talar og for ein auka digital kompetanse hos fangebefolkninga. I St. meld.nr 37 (2007-2008) Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn blir det understreka at “[tilgang]til internett er et nødvendig tilbud om normalitetsprinsippet skal etterleves” (s. 112). “Internett er eit velferdsgode som bygger ned skrankene mellom innsatte og samfunnet omkring” (s. 112). Same stortingsmelding understrekar og at “[tilværelsen] under straffgjennomføringen skal så langt som mulig være lik tilværelsen ellers i samfunnet” (s. 22) og eit viktig satsingsområde for kriminalomsorga “er å legge til rette for at den innsatte får tilgang til å benytte moderne informasjonsteknologi slik det er normalt i samfunnet for øvrig” (s. 211). Normalitetsprinsippet “blir sett på som viktig for å redusere de utilsiktede skadevirkningene av straffen og lette tilbakeføringen til samfunnet vesentlig” (s.22).

St.meld.nr 17 (2006-2007) Eit informasjonssamfunn for alle frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet fastslår at IKT gjev mange nye moglegheiter og difor er det om å gjere å leggje til rette for dei som av ulike grunnar står utanfor informasjonssamfunnet, anten det er sjølvvalt eller ikkje (s. 11). Å vere digital kompetent er i dagens samfunn er heilt nødvendig, både i privatlivet og i arbeidslivet. St.meld. nr. 17 konstaterer at god og riktig tilgang til offentleg informasjon er ein demokratisk rett.

Bruk av IKT kan føre til at kriminalomsorga sitt behov for tryggleik kjem i konflikt med skulen sitt utdanningsoppdrag, å gje opplæring etter læreplanverket med blant anna ikt som verkty. St.meld. nr 37 (2007-2008) Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn understrekar at “[ingen] domfelt skal gjennomføre straffen under strengere forhold eller pålegges andre begrensinger enn det som er nødvendig (s. 8).

I tråd med opplæringslova har innsette same rett til opplæring på grunnskule- og vidaregåande nivå som andre samfunnsborgarar og det er ei uttrykt målsetjing i fleire stortingsmeldingar at innsette skal få tilgang til høgare utdanning.

I læreplanverket Kunnskapsløftet er digital kompetanse definert som ein grunnleggjande dugleik som skal vere ein integrert del av opplæringa i alle fag. Dette gjeld og for opplæringa innanfor kriminalomsorga. Ein definisjon på digital kompetanse er “ferdigheter, kunnskap, kreativitet og haldningar som alle treng for å bruke digitale medier for læring og mestring i kunnskapssamfunnet”<sup>16</sup>.

Utdanningsstyresmaktene (Udir og FMHO) har i samarbeid med kriminalomsorga (KSF – Kriminalomsorgens sentrale forvaltning, KITT – Kriminalomsorgens IT teneste) utvikla ei nasjonal løysing med kontrollert tilgang til internett. I samarbeid med KSF og KITT har vi arbeidd vidare med å utvikle og implementere løysinga. Arbeidet heldt fram med å forbetre systemet. Etter planen skal alle fengsla vera knytta opp mot denne løysinga i 2012.

16) ITU (2005), Digital skole hver dag

### 10.2.3 Fleksible opplæringsløp

Et godt opplæring- og tilbakeføringssystem som ivaretar relevant informasjon, må kunne følge elevene/deltakerne ved overflytting mellom fengsel/ behandlingstilbud slik at opplæringa i minst mogleg grad blir forstyrra eller avbroten av overflyttingar. Tilgang til relevant informasjon frå grundige kartleggingar om den enkelte er ein føresetnad for at ulike etatar skal kunne leggje til rette for oppfølging før, under og etter soning. Dette vil kunne ivarekast gjennom eit elev- og fagadministrativt system (for eksempel en læringsplattform med tilleggssystem).

Det er viktig at dette systemet er koordinert med blant anna systema til Kriminalomsorga og fylkeskommunen/skolene. Eit anna viktig aspekt med eit slikt system er at det muliggjer ein meir fleksibel ressursbruk mellom skolane og opnar for fjernundervisning på tvers av institusjonar. Det må være eit premiss at ein IKT-løysning opnar for meir fjernundervisning. St. meld. 37 (2007-2008) påpeiker at fjernundervisning vil kunne gje dei innsette fleire opplæringstilbud, og på høgt nivå. Dette føreset at innsette kan nytte internett (s. 112).

Får ein eit reelt tilbud om fjernundervisning i kriminalomsorga, vil det være mogleg for skolane i fengsla og kriminalomsorga å oppfylle rettane til dei innsette heimla i opplæringslova. Alle med ungdomsrett til vidaregåande opplæring har rett til å få oppfylt inntak til eit av tre valde utdanningsprogram, jf. opplæringslova § 3-1 sjetteddele, medan dei med vaksenrett har rett til eit tilbud om opplæring i samsvar med den sluttkompetansen dei ønskjer, jf. forskrift til opplæringslova § 6-27 tredje ledd. Slik fengselsundervisninga og IKT-løysninga er organisert i dag er ikkje dette mogleg. Den svenske løysninga for fjernundervisning i deira opplæring innanfor kriminalomsorga kan gje inspirasjon til korleis ein slik løysning kan implementerast i opplæring i kriminalomsorga i Norge.

Det er og eit ønskje at IKT-løysninga kan betre informasjonsflyten i opplæring innanfor kriminalomsorga med kriminalomsorga. Informasjon om utdanning og arbeid blir delt i et felles registersystem mellom skoleverket og kriminalomsorga, samtidig som tilsvarende informasjon blir sjekka opp mot eksisterande offentlege databasar. En mogleg metode for slik informasjonsflyt og informasjonsdeling eksisterer i dag i Sverige. Når moglegheitene for kontinuitet og fleksibilitet er på plass bak murane, legg det til rette for et godt arbeid fram mot lauslating.

### 10.2.4 Overgang frå fengsel til fridom

Kriminalomsorga kjem med ein ny strategisk plan for arbeidsdrifta i 2012. Det blir viktig for skolen å bidra saman med kriminalomsorga, for å realisere desse strategiane. Det er mange utfordringar og mykje å vinna på å utvikle arbeidet med yrkesretta opplæringsløp. Gode yrkesretta opplæringsløp er ein av fleire strategiar for å letta overgangen frå fengsel til fridom.

TAFU er den norske modellen, tilsvarende KrAmi i Sverige, for å ivareta tilbakeføringsarbeidet etter lauslating. Ønsket om å prøve ut slike tiltak i Norge er forankra i to stortingsmeldinger. Fylkesmannen i Hordaland foreslår at det blir etablert TAFU liknende prosjekt/ tilbakeføringstiltak 10 stader i landet. TAFU/tilbakeføringstiltaka vil kunne fungere som "oppfølgingsklassar" (det er i dag etablert oppfølgingsklasser 10 stader i landet) i overgangen mellom opplæring og andre tilbud gjeve i fengsla og det ordinære skoletilbudet i fylkeskommunene sett i samanheng med andre lauslatingstiltak. For meir informasjon om TAFU og oppfølgingsklassar sjå høvesvis kapittel 8 og 6 i denne rapporten.

Fylkesmannen i Hordaland ser det som særst viktig at dei ulike tiltaka som blir sett i gang innanfor murane blir sett i samanheng med tiltak som er formålstenelege utanfor murane. Det er på denne bakgrunn vi foreslår eit større løft for å samordne denne satsinga og styrking av tilbakeføringsarbeidet, fyrst og fremst i samarbeid med Kriminalomsorgas sentrale forvaltning, men og saman med andre relevante samarbeidsparter som Arbeidsdirektoratet, KRD og Helsedirektoratet.

Vi foreslår at Regjeringa går inn for å styrke tilbakeføringsarbeidet for straffedømte og lauslatne. Fylkesmannen i Hordaland - som i dag har det nasjonale ansvaret for opplæring i kriminalomsorga og prosjektansvaret for TAFU i Norge - tilbyr seg å leie arbeidet. Fylkesmannen i Hordaland ønskjer å samarbeide med Kriminalomsorgas sentrale forvaltning og andre sentrale samarbeidsparter og ha ansvaret for å utarbeide en konkret plan for gjennomføringa av løftet. Dei ulike departementa og direktorata må i styringsdokument og budsjettdisponeringar synleggjere satsinga på ein tydeleg og operasjonell måte.

### 10.2.5 Oppsummering.

Vi har lagt ein strategi og nytta ein metodikk for å nå resultatmåla på ein god måte. Vi meiner det er samsvar mellom våre planar og resultatmåla. Elles meiner vi at Fylkesmannen i Hordaland har eit team med god kompetanse som gjer at vi arbeider med dette området på ein fagleg forsvarleg måte i høve til dei overordna nasjonale måla.

Området med klare krav til budsjettstyring, fagleg/pedagogisk utvikling, oppfølging av St.meld.nr.27 (20042005) og St.meld.nr.37 (20072008) og internasjonal kontakt, krev auka ressursar: både eigne driftsmidlar og gjennom nye tilsettingar.

# VEDLEGG 1: OVERSIKT OVER OG KORT FORKLARING TIL VEDLEGGA

Nummer på vedlegg	Forklaring
2	Rapporteringsskjema til avdelingsleiarane
3	Rapporteringsskjema til skuleavdelingane
4	Rapporteringsskjema til oppfølgingsklassane
5	Liste over rapporteringseiningar. Rapporteringseiningane er skuleavdelingane og oppfølgingsklassane. Opplæring skulane i fengsla
6	Oversikt over gjennomsnittstalet på elevar i dei ulike opplæringstilboda, fordelt på heiltid og deltid. Gjennomsnittstalet er rekna ut som eit snitt av fire teljedatoar gjennom skuleåret.
7	Oversikt over daglege talet på innsette med anna statsborgarskap enn norsk og talet på elevar med anna statsborgarskap enn norsk. Talet på utanlandske innsette er henta frå Kriminalomsorgas årstatistikk. Talet på elevar er eit snitt av to teljedatoar i året.
8	Oversikt over aldersfordelinga blant innsette i prosent og prosentdel av desse som er elevar. Tal og prosenttal for innsette er henta frå Kriminalomsorgas årstatistikk og tal for elevar og prosentandel elevar er eit snitt av to teljedatoar i året.
9	Oversikt over registrerte elevar på årsbasis, gjennomsnittleg elevtal og mål på gjennomtrekk. Registrerte elevar er totaltalet for elevar som har delteke i eit opplæringstilbod gjennom heile året, der deltidslevar er telt som ein halv heiltidselev. Det gjennomsnittlege elevtalet er eit snitt av fire teljedatoar. Gjennomtrekkskoeffisienten er rekna ut ved å dividere talet for registrerte elevar på gjennomsnittleg elevtal og gjev ein indikasjon på kor stort gjennomtrekket av elevar er på kvar skuleavdeling.
10	Oversikt over talet på registrerte elevar fordelt på type opplæring gjennom året. Deltidslevar er telt som ein halv heiltidselev.
11	Oversikt over kjønnsfordeling blant innsette og blant elevane. Tala for kjønnsfordelinga blant innsette er henta frå Kriminalomsorgas årstatistikk. Tala for kjønnsfordelinga mellom elevane er eit snitt av to teljedatoar.
12	Oversikt over daglege elevtal fordelt på utdanningsprogram i vgs og heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
13	Oversikt over daglege elevtal for ulike "andre kurs" fordelt på heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
14	Oversikt over daglege elevtal på ulike "arbeidskvalifiserande" kurs fordelt på heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
15	Oversikt over talet på elevar som har inngått lærekontrakt, gjennomført fagprøve/sveinebrev og talet på lærekandidatar gjennom året.
16	Oversikt over talet på avlagte eksamenar, elevar/studentar som har teke eksamen, realkometansevurderingar, elevar med standpunktarakterar og kompetansebevis i ulike typar opplæring.
17	Oversikt over talet på elevar som har gjennomført ulike typar kurs gjennom året. Opplæring i oppfølgingsklassane
18	Oversikt over gjennomsnittstalet på elevar i dei ulike opplæringstilboda, fordelt på heiltid og deltid. Gjennomsnittstalet er rekna ut som eit snitt av fire teljedatoar gjennom skuleåret.
19	Oversikt over registrerte elevar på årsbasis, gjennomsnittleg elevtal og mål på gjennomtrekk. Registrerte elevar er totaltalet for elevar som har delteke i eit opplæringstilbod gjennom heile året, der deltidslevar er telt som ein halv heiltidselev. Det gjennomsnittlege elevtalet er eit snitt av fire teljedatoar. Gjennomtrekkskoeffisienten er rekna ut ved å dividere talet for registrerte elevar på gjennomsnittleg elevtal og gjev ein indikasjon på kor stort gjennomtrekket av elevar er på kvar skuleavdeling.
20	Oversikt over talet på registrerte elevar fordelt på type opplæring gjennom året. Deltidslevar er telt som ein halv heiltidselev.
21	Oversikt over kjønnsfordeling blant elevane. Tala for kjønnsfordelinga mellom elevane er eit snitt av to teljedatoar.
22	Oversikt over daglege elevtal fordelt på utdanningsprogram i vgs og heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
23	Oversikt over talet på elevar som har inngått lærekontrakt, gjennomført fagprøve/sveinebrev og talet på lærekandidatar gjennom året.
24	Oversikt over talet på avlagte eksamenar, elevar/studentar som har teke eksamen, realkometansevurderingar, elevar med standpunktarakterar og kompetansebevis i ulike typar opplæring.
25	Oversikt over talet på elevar som har gjennomført ulike typar kurs gjennom året.
26	Oversikt over daglege elevtal for ulike "andre kurs" fordelt på heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
27	Oversikt over daglege elevtal på ulike "arbeidskvalifiserande" kurs fordelt på heil-/deltid. Tala er snitt av fire teljedatoar.
28	Oversikt over talet på elevane i oppfølgingsklassane fordelt etter sttus i straffegjennomføringa. Tala er snitt av to teljedatoar.
29	Oversikt over kvar elevane er rekrutterte frå

## Forklaring til brukte omgrep

